

Fasteaksjonen 2025, tysdag 8. april

Som tidlegare år går konfirmantane med bøsser under den nasjonale fasteaksjonen i regi av Kirkens Nødhjelp. Hjelpa frå konfirmantane er kjempeviktig! Inntektene går til arbeidet «Håp i kvar dråpe», eit langsiktig prosjekt for å sikre rent vann til menneske i Tanzania. Til akutt bistand i katastrofe som krigen i Ukraina og Gaza, og den humanitære krisa som fyl krigen i Sudan.

Vi vonar derfor at konfirmantane stiller på dugnad, og gir litt av si tid til å samle inn pengar til dette nødarbeidet. For meir informasjon: <https://www.fasteaksjonen.no/>

Gjennomføring av aksjon

Kvar konfirmant vert tildelt bøsse, ID-kort, ei blokk med Vipps-lappar og kart over roda konfirmanten skal gå.

Rodene er ikkje fordelt i forkant. Det vil vere 1-3 konfirmantar pr. rode. Konfirmantane kan avtale sjølv kven de vil gå saman med om dei ynskjer det? De bestemme sjølv då om de vil dele opp roden, eller gå saman til alle hus? Behov for skyss blir då deretter.

Utdeling av bøssene

Utdelinga av bøsser er den 8. april mellom kl. 17.30-18.00 i kyrkjekjellaren, Sykkylven kyrkje.

Konfirmantane treng hjelpe frå dykk foreldre med køyring. Rodene er lange å gå og er spredt over heile kommunen.

Dei som ikkje kan gå med bøsse den 8. april kan hente bøsse søndag 6. april nede i kyrkjekjellaren kl. 12.30-13.30, eller på kyrkjekontoret den 7. april og 8.april, ope mellom kl. 10-14, ofte folk der frå kl. 9-16.

Ein kan gå med bøssene f.o.m. søndag til innlevering av bøsser 8. april kl. 20.

Innlevering av bøsse

Innlevering av bøssene er mellom kl. 19-20 i kyrkjekjellaren, Sykkylven kyrkje. Servering av pizza frå kl. 20. Kyrkjekontoret kan ta imot bøsser i opningstida om du ikkje kan kome på kvelden 8.april.

Endeleg frist for innlevering av alle bøsser er innan kl. 20, den 8. april.

«Gullbillett»

Det er delt ut 24 gullbillettar til husstandar fordelt rundt omkring i bygda. Konfirmantane som vitjar aktuell husstand vil få «Gullbiletten». «Gullbiletten» bytar ein i eit gavekort ved innlevering av bøsse.

Tusen takk, for at de stiller opp for Kirkens Nødhjelp!

Venleg helsing Georgia D. Sandberg, Therese U. Aas, Eli Cesilie Myrene og Malin Andrea Uri, Sykkylven og Ikornnes sokneråd.